



# Ti år med privat helseteneste - tannbehandling

NORSK PASIENTSKADEERSTATNING

## Ti år med privat helseteneste – tannbehandling


Frå 2009 fekk NPE ansvaret for å behandle erstatningskrav frå privat helseteneste. Bakgrunnen var å sikre at alle pasientar har den same tryggleiken ved ein eventuell pasientskade, uavhengig av om behandlinga har skjedd i offentleg eller privat helseteneste.

### Mottekne erstatningskrav

I løpet av desse ti åra har NPE teke imot totalt 5518 saker innan privat helseteneste, og delen for privat helseteneste har auka frå 7 til 13 prosent av det totale talet mottekne saker. Denne auken er naturleg fordi kjennskapen til ordninga aukar med tida.

Det er saker knytte til tannbehandling som utgjer den største delen av saker innan privat helseteneste. I løpet av tiårsperioden har NPE teke imot 3073 saker. Totalt sett utgjer tannsakene 58 prosent av privat helsetenestesakene. Om vi ser på heile NPE-ordninga, utgjer tannsakene seks prosent.

Figuren under viser mottekne saker for privat helseteneste i heile tiårsperioden frå 2009 til 2018. Saker knytte til tannbehandling er skilde ut i raudt. Delen tann saker har variert frå 45 prosent i 2009 til 67 prosent i 2017.




### Korleis har det gått med dei mottekne tannsakene?

Så langt er 88 prosent av dei 3073 mottekne sakene avgjort. I overkant av tusen erstatningssøklarar har fått medhald i erstatningskravet.


Litt over halvparten av dei mottekne erstatningskrava er anten avslegne eller avviste. Hovudårsakene til at nokre saker har blitt avviste er at det ikkje har vore eit økonomisk tap over minstesummen eller at sakene har vore forelda.

Framleis er 375 erstatningskrav under behandling.



### Helsepersonellgrupper

Innan tannbehandling er det to helsepersonellgrupper for tannlegar. I tillegg kjem tannteknikar og tannpleiar, men desse utgjer ein forsvinnande liten del.




\*Tannlegespesialist innan oral kirurgi/medisin og protetikk og tannlegar som driv med implantat

Figuren viser at dei aller fleste tannsakaene er i helsepersonellgruppa Andre tannlegar. Denne gruppa har òg den høgaste medhaldsdelen. For Tannteknikar er det to medhald og fire avslag. Tannpleiar har fire avslag.

## Erstatningsutbetalningar

Så langt er det utbetalt 81 millionar kroner i erstatning. Gjennomsnittleg utbetaling er 79 000 kroner, men denne summen er påverka av nokre få veldig høge utbetalningar.

Som grafen under viser, er det vanlegast å få utbetalt mellom 5000 og 40 000 kroner i erstatning i tannsakene. Dette er erstatningsnivået i litt over halvparten av sakene. Vanlegvis er det utgifter til tannbehandling som blir dekte.




I nokre tilfelle kan svikt ved tannbehandlinga føre til større skadar i form av til dømes nerveskadar og smertetilstandar. Om dette fører til tap av inntekt, kan erstatningssummane bli ein del høgare.

## Fakta om erstatningssøklarane

Eit stort fleirtal av erstatningssøklarane er kvinner. Kvinneandelen er 65 prosent, medan 35 prosent er menn.

Aldersmessig er største delen mellom 40 og 60 år på skadetidspunktet. Gjennomsnittsalder er 47 år. Figuren under viser talet saker per aldersgruppe.



## Kva fekk erstatningssøklar behandling for?

Tabellen under viser kva slags sjukdom eller tilstand erstatningssøklarane fekk behandling for då skaden skal ha oppstått.

Type tannlidning	Medhald	Avslag	Totalt	Del	Medhalds%
Tannkaries	370	283	653	29 %	57 %
Sjukdomar i pulpa og periapikalt vev	213	286	499	22 %	43 %
Andre forstyrningar i tenner og støttevev	179	172	351	15 %	51 %
Gingivitt og periodontale sjukdomar	121	132	253	11 %	48 %
Dentofaciale anomaliar	25	96	121	5 %	21 %
Andre sjukdomar i hardvevet i tennene	53	55	108	5 %	49 %
Retinerte tenner	20	77	97	4 %	21 %
Brot i tann/kjeve	41	43	84	4 %	49 %
Anna	15	30	45	2 %	33 %
Forstyrningar i tannutvikling	12	22	34	1 %	35 %
Undersøking av tenner og tannstatus	13	20	33	1 %	39 %
<b>Totalt</b>	<b>1062</b>	<b>1216</b>	<b>2278</b>	<b>100 %</b>	<b>47 %</b>

## Kva slags behandling har blitt utført?

Tabellen under viser kva slags behandling som har vore utført. Gruppa «anna» er stort sett diagnostisering av forskjellige tilstandar, til dømes tannkjøtsjukdomar.

Behandling	Medhald	Avslag	Totalt	Del	Medhalds%
Kroneterapi/brubehandling	402	262	664	29 %	61 %
Rotbehandling på tann	270	250	520	23 %	52 %
Ekstraksjon og reseksjon av tenner/tannrot	77	197	274	12 %	28 %
Tannfylling	88	110	198	9 %	44 %
Innsetjing av tannimplantat	66	104	170	7 %	39 %
Anna mindre inngrep på tann, kjeve, munn	21	56	77	3 %	27 %
Anna	138	237	375	16 %	37 %
<b>Totalt</b>	<b>1062</b>	<b>1216</b>	<b>2278</b>	<b>100 %</b>	<b>47 %</b>

Tabellane viser at sakene omhandlar fleire forskjellige tannlidingar og behandlingsformer. Medhaldsdelen varierer mykje ut frå type tannliding og kva slags behandling som har vore utført. Det er behandling i form av kronetarapi eller brubehandling som har ført til den høgaste medhaldsdelen.

Dei vanlege formene for skade er tap eller fraktur av tann eller implantat, smerter, infeksjon, nerveskade, eller at erstatningssøkjjar er misnøgd med det estetiske resultatet.

## Årsak til medhald

Hovudårsaka til at det blir gitt medhald i tannsakene, er at tannbehandlinga ikkje har vore utført godt nok. Typiske eksempel er ufullstendige rotfyllingar, dårleg krone- og brutilpassing og mangelfull oppfølging, ofte gjennom fleire år. I ein del tilfelle har tannlegen ikkje brukt Kofferdam. Kofferdam er ein plast som blir lagd over tennene under tannbehandlinga for å skjerme tanna som blir behandla frå resten av munnhola.

Mangelfull journalføring er eit problem i ni prosent av sakene som har fått medhald. I desse sakene er det vanskeleg å vite kva som har vore utført av tannbehandling og korleis tannbehandlinga har vore utført. På bakgrunn av denne tvilen blir desse sakene vanlegvis avgjort til fordel for erstatningssøkjjar.

## Behandlingsstadene

Dei 2278 vedtaka om medhald eller avslag er fordelte på 1164 behandlingsstader. Dei aller fleste behandlingsstadene har berre eitt vedtak. 368 behandlingsstader har meir enn eitt vedtak, og 15 behandlingsstader har minst ti vedtak i tiårsperioden. Dei 15 behandlingsstadene står for 19 prosent av vedtaka, og medhaldsdelen i diese sakene er 74 prosent. Det vil seie at dei 15 behandlingsstadene dreg den totale medhaldsdelen opp frå 40 til 47 prosent.